



SUNDE RESIRK AS

Postboks 193

6882 Øvre Årdal

Rolf Vidar Bentås

## Rapport etter tilsyn hos Sunde Resirk avd Kaupangerskogen 5. juni 2025

Kontrollnummer: 2025.274.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 5. juni 2025 hos Sunde Resirk AS (organisasjonsnummer: 972220248).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda si handtering av farleg avfall fører til fare for forureining
- Avvik 2: Avfall vert ikkje handtert og lagra i samsvar med krav i utsleppsløyvet og gjeldande krav i avfallsforskrifta
- Avvik 3: Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Sunde Resirk AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 15. januar 2026. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

#### De må betale gebyr

Sunde Resirk AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet.

## Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/3042.

## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verksemda si handtering av farleg avfall fører til fare for forureining

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta § 11-5

Løyve etter forureiningslova datert (10.3.2017) punkt 3.5.4

#### Om krava

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte, og det må setjast i verk naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining. Dette betyr mellom anna at lagra farleg avfall må vere tydeleg merka med innhald. Løyvet set mellom anna krav om merking med avfallsstoffnummer og avfallstype.

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har gått til innkjøp av ny presse som dei bruker på bilvrak, og kompleksmetall. Væske frå pressinga kjem ut av to dreneringshol i botn av pressa. På den eine sida var det kopl ein slange til eit av dreneringshola slik at væske kunne renne vidare over i ein IBC. Holet på IBCen var høgare enn dreneringsholet. Frå det andre dreneringsholet gjekk det ein slange, men det var ikkje noko oppsamling der på tilsynstidspunktet. Det var også teikn til at det væske rann litt diffust ut frå pressa. Verksemda hadde ikkje teke prøver av oppsopt rundt pressa som i seg sjølv kan vere klassifisert som farleg avfall, men også kan innehalde farleg stoff som har runne frå pressa.

Det var lagra farleg avfall fleire stader utan tilstrekkeleg sikring dersom det skulle sølast eller gå hol på behaldar. Det var nokre behaldarar på farleg avfallslageret som mangla merking med avfallskodar.

### Avvik 2: Avfall vert ikkje handtert og lagra i samsvar med krav i utsleppsløyvet og gjeldande krav i avfallsforskrifta

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyve etter forureiningslova datert (10.3.2017):

- Verksemddata
- Punkt 4.1 Mottak og lagring av kasserte køyretøy

Avfallsforskrifta § -22 første ledd

#### Om krava

Løyvet gjeld på gards- og bruksnr. 105/431 og 96/5.

Motteke køyretøy skal sanerast seinast innan ei veke.

Lagring av EE-avfall skal skje på tett dekke, med nødvendig anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nødvendig tak eller anna klimavern.

### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Verksemda lagrar avfall utanfor området det er gitt løyve til. På den nordaustre enden av anlegget, på gnr./bnr. 96/2, er det i seinare tid opparbeidd eit grusdekk område som ikkje er inkludert i løyvet. Her var det lagra avfall i konteinrar, mellom anna EE-avfall. EE-avfallet stod i store, opne konteinrar utan lokk, slik at avfallet var eksponert for nedbør.

Verksemda opplyste under tilsynet at det som regel kunne gå opp mot 14 dagar mellom kvar gong bilar vart sanerte, sjølv om kravet i løyvet er 7 dagar. Dette er òg eit brot på verksemda si interne rutine, som viser til det same kravet i løyvet.

### **Avvik 3: Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet**

#### **Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, andre ledd, punkt:

- 5: ha oversikt over organisasjonen for verksemda, under dette korleis ansvar, oppgåver og styresmakt for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er fordelt
- 6: kartleggje farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko, og dessutan utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda
- 7: setje i verk rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks-lovgivinga

#### **Om krava**

Ansvar for viktige aktivitetar som gjeld ytre miljø skal skriftleggjerast.

Verksemda må ha rutinar for å førebyggje uønskte hendingar. Dei skal vere skriftlege for alle prosessar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet.

Verksemda må vurdere om tiltak for å redusere risiko for utslepp har hatt tilstrekkeleg effekt i høve målet for tiltaket.

### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Deler av internkontrollen må oppdaterast. Dette gjeld mellom anna delen som omhandlar handtering av farleg avfall og stillingsinstruksen, der det var utdatert informasjon om kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene.

Inspeksjon av dekkene på området inngjekk ikkje i dei skriftlege rutinane til verksemda. Under tilsynet vart det observert synlege hol i asfalten, og betongdekket hadde fleire sprekkar. Verksemda opplyste at dei har planar om å utbetre asfalten. Det er viktig at verksemda har gode rutinar for jamleg inspeksjon av dekkene for å hindre at forureina vatn får utslepp til grunnen.

Verksemda har ikkje vurdert om tiltaka for å unngå forureinande utslepp til vatn er tilstrekkelege. Det vert teke prøver av utsleppet frå oljeutskillaren, også for innhald av tungmetall, og analysane viste høge utsleppsverdiar for nokre parameter. Eit av tiltaka verksemda har innført, er å tømme oljeutskillaren oftare. Verksemda skulle ettersende rutine for drift av oljeutskillaren etter tilsynet,

men denne er ikkje motteken. Vi vil peike på at ein oljeutskillar i utgangspunktet ikkje er eit reinsesystem for tungmetall. Det er difor viktig at verksemda tek oppfølgjande prøver og vurderer om dei gjennomførte tiltaka har hatt tilstrekkeleg effekt.

### **Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren vedtar at Sunde Resirk AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 5. juni 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De har rett til å klage**

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## **Del 3: Informasjon om tilsynet**

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn og er ei oppfølging av tilsynet som vart gjennomført hos verksemda 15 juni 2021.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Ingrid Torsnes

Kontaktperson hos verksemda:

- Rolf Vidar Bentås

### **Anlegg**

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Kaupangerskogen - Sunde Resirk AS - ordinært avfall
- Kaupangerskogen - Sunde Resirk AS - bilvrak
- Kaupangerskogen - Sunde Resirk - farleg avfall og EE

## Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- analysar av utslepp til vatn
- verksemda si internkontroll

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Under tilsynet kom det fram at ein av dei tilsette sanerer klimagassar frå køyretøy utan å ha nødvendig sertifisering. Dette er eit brot på produktforskrifta § 6a, jf. EU-forordning 517/2014. Statsforvaltaren har tidlegare hatt delegert ansvar etter dette regelverket, men ansvaret ligg vanlegvis hos Miljødirektoratet. Dei er difor lagt på kopi.

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Sogndal Kommune  
Miljødirektoratet